



Utviklingsplan for Vestland 2024-2028

Regional planstrategi

Forslag til
høring og
offentleg ettersyn

Innhald

Kapittel 1 Innleiing	3
Utviklingsplan for Vestland – vår regionale planstrategi.....	4
Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2023-2027.....	4
Kunnskapsgrunnlag – utviklingstrekk.....	4
Utfordringar for fylket og regionane.....	5
Prosess og medverknad.....	8
Kapittel 2 Eit berekraftig og nyskapande Vestland	9
Samfunnsoppdrag, visjon og verdier.....	10
Berekraftig samfunnsutvikling.....	10
Styrka samordning og samarbeid i berekraftsarbeidet.....	11
Korleis måle berekraft?.....	12
Kapittel 3 Satsingsområde, hovudmål og strategiar	13
Satsingsområde og hovudmål.....	14
10 strategiar for å nå samfunnsmåla:.....	17
Kapittel 4 Planbehov i perioden 2024–2028	23
Regional planlegging som berekraftsverktøy.....	24
Gjennomgåande plantema.....	24
Regionale planarbeid.....	24
Regional plan for areal og mobilitet.....	25
Regional plan for verdiskaping og kompetanse.....	26
Vestnorsk fjordlandskap – Verdsarvområda Geirangerfjorden og Nærøyfjorden.....	28
Regionale planar som vert heilt eller delvis erstatta.....	29
Vidareføring og/eller revisjon av regionale planar.....	31
Planar som vert oppheva.....	34
Alle handlingsprogram - vurdere rullering.....	34
Temaplanar og strategiar.....	34
Kapittel 5 Plansystem og plantypar i Vestland	36
Plantypar, plansystem og målstruktur.....	37
Vurderingspunkt ved planutvikling.....	39
Planroller, planoppgåver og ansvar i politiske organ.....	39
Framdrift, organisering og medverknad i regionale planprosessar.....	40
Framdrift og organisering.....	40
Samskaping, medverknad og dialog.....	40
Kapittel 6 Vedlegg	42
Oversikt over regionale planar, temaplanar og strategiar i Vestland.....	43



Kapittel 1

Innleiing

Vestland står midt i ei endrings- og moglegheitstid. Global epidemi og sikkerheitspolitiske utfordringar gjer uvisse og uro for framtida. Utfordringar for enkeltindivid og for samfunnet vert forsterka. Det gjeld natur- og klimakrisa, aukande sosial ulikskap og uhelse, behov for omstilling av næringsliv og ein sterk arbeidsmarknad. Samstundes er det mykje positivt å spore i regionale utviklingstrekk. Vestlandssamfunnet grip fatt i nye og spanande utviklingsmoglegheiter, og skapar tiltru til framtida i by og bygd. Utviklingsplanen er det viktigaste strategiske verktøyet for å møte både utfordringar og moglegheiter. Vi må verte enda betre på samordning og samarbeid for å skape det samfunnet vi vil ha.

Utviklingsplan for Vestland – vår regionale planstrategi

Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 er formelt ein regional planstrategi heimla i plan- og bygningslova § 7-1. Fylkestinget skal utarbeide regional planstrategi minst ein gong i kvar valperiode, og seinast eit år etter konstituering.

Utviklingsplanen gjer greie for dei viktigaste regionale utviklingstrekk i Vestland og samfunnsutfordringane. Den slår fast kva som er prioriterte satsingsområde og mål for samfunnsutviklinga i planperioden og kva strategiar vi skal nytte for å nå måla. Statlege og regionale organ og kommunar skal legge regional planstrategi til grunn for alt planarbeid i regionen.

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2023-2027

Regional og kommunal planlegging er det viktigaste verktøyet for å tilpasse nasjonale prioriteringar til lokal, berekraftig samfunnsutvikling. Planlegging er ein arena for å vege nasjonale, regional og kommunale oppgåver og interesser mot kvarandre. Utfordringsområda i dei nasjonale forventningane svarer i stor grad til Vestland sitt utfordringsbilde slik det kjem fram i kunnskapsgrunnlaget. Satsingsområde, mål og strategiar i utviklingsplanen og dei regionale planane bidreg til å møte desse nasjonale og regionale utfordringane i Vestland.

Forventingane definerer fem utfordringsområde for regional og kommunal planlegging:

- Samordning og samarbeid i planlegging
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnssikkerheit og beredskap

Utviklingstrekk i kunnskapsgrunnlaget

Arbeidet med kunnskapsgrunnlaget vart gjennomført året før kommune- og fylkestingsvalet og er summert opp i eit utfordringsnotat. Fylkestinget la stor vekt på brei involvering og metode. Det var ønske om å få større mangfald av perspektiv på kva som er Vestland sine største utfordringar. Det vart tatt i bruk både kvantitative og kvalitative metodar. By- og regionforskningsinstituttet NIBR - OsloMet, Nordlandsforskning og Dietz Foresight bisto i bruk av innovasjonsmetodar og nye verktøy som framsyn og scenario. Arbeidet trakk opp breie utfordringsbilete på tvers av berekraftsmål og tradisjonelle sektor- og politikkområde. Denne samanhengstenkinga er lagt til grunn for arbeidet med utviklingsplanen og mål, strategiar og planarbeid i planperioden. [Utfordringsrapport for utviklingsplan for Vestland 2024-2028](#), summerer opp kunnskapsarbeidet og er basert på følgjande enkeltdelar:

- [Vestland fylke og regionane - samfunn og berekraft \(NIBR\)](#)¹
- [Scenario Vestland 2040](#)
- [Folkehelseoversikt for Vestland 2023-27](#)
- [Regionale planar i Vestland med kunnskapsgrunnlag](#)
- [Kunnskapsgrunnlag for regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn](#)


¹ Kunnskapsgrunnlag for regional utviklingsplan: perspektiv, metodar og analysar i ein samproduksjonsprosess i Vestland fylke

Utfordringar for fylket og regionane

Vestland sine seks breie utfordringsområde er vist i figuren under. Dei fleste av utfordringane er komplekse og overordna og må jobbast med over fleire politiske periodar. Nokre utfordringar har kome meir i fokus gjennom ny kunnskap og spissa politikk. Desse har høg prioritet i inneverande periode. Det gjeld særleg spørsmål knytt til klima og naturmangfald, sosial ulikskap og sikkerheit og beredskap.

For kvart utfordringsområde er det formulert tre undertema som konkretiserer og spissar behovet for innsats. Det siste utfordringsområdet – *Samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjon* – skil seg ut. Samstundes som det er ein del av utfordringsbiletet, er det og ein viktig nøkkel til å møte utfordringane og sjå moglegheitene. Det svarar til at FN omtalar berekraftsmål 17 om samarbeid som ein nøkkel til å nå alle dei andre berekraftsmåla.

Breie samfunnsutfordringar heng tett saman og påverkar kvarandre, på same måte som berekraftsmåla gjer det. Planlegging i Vestland skal bidra til å tenke heilskapleg. Å nå måla på eitt område skal ha minst mogleg negativ konsekvens for eit anna. Helst skal innsats gje brei måloppnåing over fleire utfordringar. Eit døme på behov for samanhengstenking er dei fire folkehelseutfordringane i kunnskapsgrunnlaget: *Sosial ulikskap i helse, demografiske endringar, psykisk helse og livskvalitet*, samt konsekvensar av *klimaendringar*. Utviklingsplanen legg opp til styrka kunnskap om samhengane mellom utfordringane.



Figur 1 - Illustrasjon over utfordringsområde i kunnskapsgrunnlaget

Regional, by- og bygdeutvikling

Folketalsutviklinga i Vestland er ujamn, og det går ein flyttestraum med unge frå spreitt bygde stadar til større stadar og byar.

Det gjer at folketalet går ned og snittalderen aukar i fleire spreidde område. Kommunane får dårlegare grunnlag for å gi gode tenester, og næringslivet manglar arbeidskraft. Innsats for å gjere stadane meir attraktive gjennom føreseieleg arealpolitikk, trygge kvardagsvegar, gode nærmiljø, godt tenestetilbod og utvikling av næringsliv, er viktig for bulyst og investeringar. Eit inkluderande og generasjonsvenleg samfunn krev ein aktiv bustadpolitikk, og styrka merksemd på universell utforming.

Gode møteplassar legg grunnlaget for både trivsel, folkehelse og å kunne delta i samfunnet. Eit vitalt kulturliv er òg viktig for livskvaliteten og bidreg til tilknytning og inkludering. Styrka innsats for framtida til dugnad og frivillig arbeid er avgjerande for kultur- og idrettslivet på mange små stader.



Bilde 1: Sentralbadet litteraturhus, Odda i Ullensvang kommune. Foto: Åge Avedal/Vestland fylkeskommune.

Klima og energi

Vestland er ikkje i rute med å nå vedtekne ambisjonar med utsleppskutt innan 2030. Mesteparten av klimagassutsleppa kjem frå industri, olje- og gassektoren og frå transport. Grøn omstilling av næringslivet og tilgang til berekraftig energi er nøkkelgrep for å auke hastigheita i arbeidet. Vestland er mest råka av ekstremvêr av fylka i landet, og har utfordringar med å tilpasse busetnad og infrastruktur til

klimaendringane. Det har og verknadar på trivsel og folkehelse. Omstilling til lågutsleppsamfunnet og eit endra klima skal løysast utan nedbygging av viktige karbonrike areal, naturtypar og arter.

Befolkninga i Vestland har ulike føresetnader for klimaomstilling, så klimaarbeidet må ta høgde for klimarettferd. Naturbaserte løysingar som utnyttar naturen si tilpassingsevne er ofte kostnadseffektive, og kan gje meirverdi i form av auka naturmangfald eller opphaldsareal og grønne byrom.



Bilde 2: Mehuken vindpark i Vågsøy Kommune, Vestland fylke. Foto: Helge Sunde/Samfoto /NTB.

Livskvalitet og like moglegheiter

Det er godt å bu i Vestland, men likevel aukar sosial ulikskap. Ei uheldig utvikling er at eit aukande tal ungdomar og unge vaksne fell utanfor arbeidslivet, samfunnslivet, utdanning eller skule. Vestland vert stadig meir mangfaldig. Auka medvit og kompetanse på spørsmål knytt til kjønn og seksualitet, kulturell og etnisk tilknytning må verte prioritert for å motverke diskriminering og ekskludering.

Fleire innvandrarar manglar utdanning og formell kompetanse, og står utanfor arbeid. Det er også fleire born i familiar med vedvarande låg inntekt. Det er òg stor ulikskap og aukande utfordringar knytt til eiga helse, livskvalitet og psykisk helse. Utdanning eller eit arbeid å gå til er viktig for livsmeistring og samfunnsdeltaking.

Naturmangfald og areal

Nedbygging og intensivt bruk av areal går på kostnad av matjord, naturmangfald, landskap, kulturmiljø og miljøtilstand i jord og vatn.

Naturkrise er sterkt knytt til klimakrise. Dette blei sett på dagsordenen av FN sitt naturpanel i 2019 og i naturavtalen frå Montreal 2023. Natur og landskap er og viktig for livskvalitet, folkehelse, attraksjonskraft og for næringsutvikling. Mattryggleik og reint vann er ein grunnleggande føresetnad for eit trygt, stabilt og berekraftig samfunn.

Ulike omsyn står mot kvarandre der spørsmål om bruk og vern av areal kjem opp, som ved utvikling av gruvedrift, vindkraft, massehandtering, akvakultur, besøksforvaltning og matforsyning. Desse konfliktane blir truleg meir utfordrande framover og må ha prioritet.

Det vil bli enklare å prioritere verne- og utbyggingsområde med auka kunnskap om natur- og klimaverdiar. Eit utbyggingsmønster som er differensiert vil gje mange fordelar, som å avgrense transportbehovet og betre utnyttinga av eksisterande infrastruktur og allereie nedbygd areal. Det vil redusere klimagassutslepp og spare verdifull natur.



Bilde 3: Sauer vestlandslandskap.
Foto: Frantisek Duris/Unsplash.

Verdiskaping og kompetanse


Vestland har eit eksportretta næringsliv, noko som gir fylket store konkurransefordelar, i lag med høgt utdanningsnivå og viktige forskingsmiljø.

Det er underskot på omstillingskompetanse og arbeidskraft m.a. grunna vekst innan olje og gasssektoren, og den demografiske utviklinga i

fylket. Den gode tekniske kompetansen i olje- og gassnæringane er ein stor fordel vi må nytte aktivt i utviklinga av dei nye, grønne næringane. Samarbeidet mellom arbeidsliv og utdanning må styrkast, for å sikre at vi utdannar kompetansen næringslivet treng. Påfyll, etterutdanning og formalisering av relevant kompetanse til heile livsløpet er ein del av bildet

Fylket har utfordringar med infrastrukturtilbodet, mellom anna vegnett og mobilitet, energi og breiband, men òg skular og andre mjuke strukturar. Vi må styrke drift og utvikling av infrastruktur for trygge lokalsamfunn, næringsutvikling og innsats innan beredskaps- og samfunnssikkerheit.

Samarbeid, innovasjon og kunnskapsutvikling



Bilde 4: Rocketfarm i Sogndal, innovativ bedrift i Vestland fylke. Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune.

Kommunar og lokale styresmakter er dei viktigaste aktørane i berekraftsarbeidet. Mange av berekraftsmåla knyter seg til offentlege oppgåver på lokalt nivå. Kommunar kjenner kor skoa trykker og disponerer eit spekter av verkemiddel.

Utvikling av kompetanse, verktøy og metodar for samordning og samarbeid er viktig. Likeeins styrka endringskapasitet. Berekraft krev satsing på forskning og innovasjon i heile samfunnet. Planlegginga må verte meir effektiv og handlingsfokusert og styrke plan som grunnlag for strategiske samarbeid og forpliktande partnerskap.

Fylkeskommunen og kommunane har ei viktig rolle for å fasilitere og vere nettverksaktør i tillegg til å vere partnar. Det knyter seg til rolla som samfunnsutviklar, tenesteleverandør, forvaltar og demokratiaktør.

Prosess og medverknad

Arbeidet med kunnskapsgrunnlaget gjekk føre seg i perioden desember 2022 til august 2023. Arbeidet med utviklingsplanen starta hausten 2023, og vert avslutta med vedtak i fylkestinget i desember 2024. Prosessen har teke opp i seg ny kunnskap og nye signal, retningslinjer og lovverk undervegs. Særleg viktig er høyringsutkast til nye statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet og for klima og energi, og nasjonale forventningar til planlegginga som vart publisert våren 2023.

Kunnskapsgrunnlaget bygger på forskings- og erfaringsbasert innsikt som kom fram i felles prosesser mellom fylkeskommunen og eksterne kunnskapsaktørar og ulike grupper i samfunnet. I dette samarbeidet vart mellom anna utfordringsområda formulert.

Eit overordna mål i heile prosessen har vore å senke terskelen for deltaking og sikre eit mangfald av perspektiv. Til dette er det brukt nye arenaer og metodar. Scenariorverkstader der ei breidde av aktørar var involvert, med ulike alder, kjønn og seksualitet, etnisk og kulturell tilhørsle, og grupper med ulike tilknytning til Vestland og Norge. Folkevalde, næringsliv og kulturliv, kommunar og stat, frivilligheit og innbyggjarar diskuterte Vestland si nære og fjerne framtid rundt same bord.



Bilde 5: Scenariorverkstad, frå medverknadsprosessen i Bergen. Foto: Ingvild Ramstad/Vestland fylkeskommune.

I tillegg har det vore dialogmøte, spørjeundersøkingar, og intervju med representantar frå kommunane, fylkeskommunen, ungdomsrepresentantar, politikarar, organisasjonsliv, frivillig sektor, næringsliv og andre.

Medverknadsorgana Vestland ungdomsutval, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Fylkeseldrerådet har hatt ei rådgevande rolle og bidratt i arbeidet.

Statsforvaltar og KS har deltatt gjennom ei samarbeidsgruppe med jamlege møte gjennom heile prosessen. Statlege etatar har også medverka gjennom regionalt planforum.

Hausten 2023 blei det gjort ein GAP-analyse² av utviklingsplan for Vestland 2020-2024. Her vart det vurdert i kor stor grad det var behov for endringar i gjeldande utviklingsplan i lys av nytt kunnskapsgrunnlag. Det vart og gjort ei intern og ekstern evaluering av gjeldande regionale planar, som grunnlag for vedtak om vidareføring, utfasing eller nye planarbeid.

Vinteren 2024 blei det, i samarbeid med regionråda, halde tre regionale dialogmøte for å drøfte utfordringsområda. Deltakarane var kommunar, lokalt næringsliv, lag, organisasjonar og andre interesserte. Dialogmøta var ein arena for lokale tilbakemeldingar på det overordna utfordringsbiletet i fylket og medverka til å spisse og prioritere satsingsområde.

I utviklingsplanen har fylkeskommunen løfta fram behovet for å vidareutvikle rolla som samarbeidspart og samfunnsutviklar. Prosessen har hatt som mål å bygge kompetanse på bruk av samskaping, som er likeverdig samarbeid mellom offentlege og private aktørar gjennom verkstader. Tilsvarande har det vorte brukt politiske verkstader for å styrke kompetansen på samskaping mellom politikk og administrasjon. Utviklingsplanen er utarbeidd gjennom fem politiske prosessverkstader, der fylkesutvalet har følgd prosessen tett og gitt strategiske føringar og politiske styringssignal.

Gjennom høyring og offentleg ettersyn legg fylkeskommunen til rette for at både samarbeidspartane i stat og kommune og heile vestlandssamfunnet kan kome med synspunkt på alle sider ved strategien.

² GAP kjem frå det engelske ordet for sprik eller avstand.



Foto: Morten Warvik/Vestland fylkeskommune

Kapittel 2

Eit berekraftig og nyskapande Vestland

Berekraftsarbeid er ikkje noko som kjem i tillegg til andre oppdrag og oppgåver. Det handlar snarare om *måten* vi arbeidar på og korleis vi brukar *samfunnsutviklarrolla* til å vere pådrivar for endring. Fylkeskommunar og kommunar kan drive berekraftsarbeid gjennom alle sine roller: som planmynde, tenesteleverandør og demokratiaktør. Planlegging er hovudreiskapen. Heile verkemiddelapparatet må setjast i sving for å få resultat: Styring, økonomi, mobilisering av individuell og kollektiv handling, forskning og teknologi og innovasjonsevne.

Samfunnsoppdrag, visjon og verdier

Kommune- og regionreforma styrka det lokale sjølvstyret og gav fylkeskommunane ei tydelegare rolle som samfunnsutviklarar. Det inneber å gje tydeleg strategisk retning til samfunnsutviklinga, samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk og mobilisere ulike aktørar i sivilsamfunnet til å bidra med sine verkemiddel. Utviklingsplanen er det viktigaste verktøyet for dette. Utviklingsplan for 2024-2028 bygger på Vestland fylkeskommune sin visjon *Nyskapande og berekraftig*, og baserer seg på verdiane *open, kompetent og modig*.

I arbeidet er det gjort bruk av nyskapande arbeidsmåtar og teknologi som styrkar planlegging som berekraftsarbeid. Prosessen er open og involverer breitt. Arbeidet bidreg til kompetanseutvikling og -deling.

Fylkeskommunen tek modige steg i retning av eit framtidretta plansystem. Vestland skal ha

strategiske regionale planar, som legg til rette for heilskap og samanheng i samfunnsutviklinga.



Figur 2: Vestland fylkeskommune sitt samfunnsoppdrag, visjon og verdier.

Berekraftig samfunnsutvikling

FN sine 17 berekraftsmål ligg til grunn for satsingar, mål og strategiar og nye regionale planar. Medvitet om korleis samfunnsutfordringar og enkeltmål heng saman er styrka. Å nå eitt mål kan gje gode ringverknader for andre mål. Motsett kan måloppnåing på eit område bremse for måloppnåing på andre. Positive og negative samspelseffektar kan gjere seg gjeldande innanfor ein kommune, på tvers av regionar og fylke og i global målestokk. Planlegging skal synleggjere desse samanhengane som grunnlag for det politiske arbeidet med å vege mellom interesser og prioritere innsats.



Figur 3: Berekraftsmodellen til Stockholm resilience centre er utgangspunktet for modellen nytta av Vestland fylkeskommune i arbeidet.

Vestland nyttar ein tilpassa versjon av *Stockholm Resilience centre* sin berekraftsmodell. Modellen illustrerer berekraft som ein pyramide med tre nivå. Øvst finn vi økonomisk berekraft, som handlar om stabil og god privat og offentleg økonomi, utjamning av økonomisk ulikskap, arbeidsplassar, konkurransekraft og verdiskaping og ansvarleg Begge kviler igjen på naturressursgrunnlaget og mål knytt til berekraftig forvaltning av biosfæren. Dette handlar om å sikre liv på land og vatn, stoppe og tilpasse oss til klimaendringar og sikre reint vann i vatnets kretsloop og til menneska. Samarbeid for å nå måla er ein akse gjennom alle andre mål, til liks med prinsippet om at "ingen skal utelatast". Det betyr at dei gruppene i samfunnet som treng det mest, skal stå først i køen når prioriteringar vert gjort.

Måla er globale, men løysingane er lokale. Hovud- og delmåla heng tett saman med samfunnsoppdraget og oppgåvene til lokale og regionale styresmakter. Eigne lokale utfordringar er grunnlaget for å finne løysingar som er relevante og gjennomførbare på lokalt nivå. Alle som driv med samfunnsutvikling kan tolke kva berekraft tyder for eigne arbeidsoppgåver og arbeidsmåtar. Lokale behov og ressursar er og grunnlaget for å prioritere mellom ulike mål, og finne ut av korleis det best let seg gjere å måle resultat og effekt.

Fylkeskommunen ønsker å forsterke det globale perspektivet i berekraftsarbeidet. Som

forbruk og produksjon. Økonomisk berekraft kviler på samfunnssosial berekraft, som synleggjer menneska som ressurs for samfunnsutvikling. Måla handlar om retten til grunnleggjande tenester og menneskerettar, deltaking og lokaldemokrati, folkehelse og livskvalitet og lokalsamfunnet si viktige rolle.

eit godt fungerande velferdssamfunn i eit stabilt demokrati, har vi gode føresetnadar for å ta ein pådrivarrolle. Vi kan gå i front når det gjeld sirkulærøkonomi og forvaltning av avgrensa naturressursar, og bli enda betre på å redusere sosial ulikskap og auke deltaking.

Det er både fagleg og politisk utfordrande å forstå kva konsekvensar vala som er gjort i Vestland har for andre delar av verda. Med å bygge kunnskap og kompetanse om globale samanhengar, kan Vestland nytte sin posisjon til å sikre samfunnsgrunnlaget for framtidige generasjonar – her og i andre delar av verda.



Bilde 6: Fiskelukke.
Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune.

Styrka samordning og samarbeid i berekraftsarbeidet

FN peiker på fem ulike typar verkemiddel som alle må takast i bruk for å lukkast med berekraftsarbeid:

Fylkeskommunen og kommunane kan nytte rolla si til å gje tydelege *styringssignal* til samfunnsutviklinga. Heilskapleg planlegging er det viktigaste verktøyet for dette.

Økonomiske verkemiddel handlar om eiga verksemd og innkjøp, og tilskot og andre insentiv. Særleg er det viktig å styrke

kunnskapsutvikling, kompetansedeling og bruk av samarbeid gjennom økonomiske verkemiddel.

Fylkeskommunen og kommunane kan ta ei proaktiv rolle i å *mobilisere* til individuell og kollektiv handling. Mange aktørar har verkemiddel for å bidra. Involvering, bruk av samskaping og god kommunikasjon som senker terskelen for å delta er gode grep.

Offentleg sektor kan ta ei rolle i å bidra til å identifisere barrierar for berekraftsarbeidet, og vere pådrivar for innovasjon, læring og deling. Fylkeskommunar og kommunar kan vere ei pådrivar og deltakar, og kan støtte opp under *forskning og teknologi* som verkemiddel.

Det kan vere med å styrke *endringskapasiteten* i Vestland.

Korleis måle berekraft?

Plan og bygningslova stiller krav om at alle planar skal skildre verknaden av planen. I særlege tilfelle skal det gjerast konsekvensutgreiing for miljø og samfunn etter forskrifta. Dette verktøyet kan eit stykke på veg nyttast til å utgreie konsekvens for berekraftsmål i plansaker.

Det skjer mykje kunnskapsutvikling knytt til måling av berekraft. Vestland fylkeskommune vil nytte den politiske perioden til å styrke utviklinga av målings- og rapporteringssystem. For å få til dette må gjennomføringsfokuset i planlegging verte tydelegare. Eit prioritert utviklingsoppgåve er å styrke samanhengen mellom planlegging etter plan og bygningslova, økonomiplanlegging og årsmelding etter kommunelova og andre målings- og rapporteringssystem. Mange kommunar i Vestland har allereie eit godt utvikla koplingsapparat når det gjeld nokre berekraftsmål, slik som mål 13: Stoppe klimaendringar. Regional plan for klima er til dømes grunnlaget for klimabudsjett og -rekneskap som ein integrert del av arbeidet med økonomiplanen og årsbudsjettet til fylkeskommunen. Kommunane deltek i nettverk og kunnskapsutvikling for å styrke eigen innsats på området.

Fylkeskommunen vil nytte eksisterande metodar, rutinar og verktøy som grunnlag for å

vidareutvikle og operasjonalisere vurdering av verknad og konsekvens og måling av resultat og effekt også for dei andre 16 berekraftsmåla- og hovudmåla i utviklingsplanen. Fylkeskommunen vil styrke si støtterolle for kommunane i tilsvarande arbeid, mellom anna med å vere kunnskapsleverandør.



Bilde 7: FN sine berekraftsmål hos ViteMeir i Kaupanger. Foto: Siw Heidi Backstrom/Vestland fylkeskommune.



Kapittel 3

Satsingsområde, hovudmål og strategiar

Utviklingsplanen definerer fire breie satsingsområde for samfunnsutviklinga i perioden 2024–2028: Velferd og verdiskaping, demografi og likeverd, klima og natur, og samarbeid. Det er behov for meir kapasitet og kompetanse på samarbeid, dette er del av utfordringsbiletet for Vestland. Samarbeid er nøkkelen til å lukkast med å løyse utfordringar og sjå moglegheiter. Det er definert eit overordna mål for kvart satsingsområde. I tillegg er det formulert eit sett strategiar som skal syne korleis Vestland skal arbeide for å nå måla. Alle strategiar kan bidra til to eller fleire hovudmål.

Satsingsområde og hovudmål



Figur 4 - illustrasjon av satsingsområde og mål

Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på naturgitte fortrinn

Samfunnsutviklinga skal bygge vidare på Vestland sine gjeldande fortrinn og posisjon nasjonalt og internasjonalt. Verdiskaping er viktig for å oppretthalde velferdstilboda og gje utviklingskraft i bygd og by. Vestland har særleg høg kompetanse og kapasitet knytt til olje- og gassverksemd. Grøn omstilling i privat og offentleg sektor er det viktigaste grepet for eit positivt samspel mellom verdiskaping og velferd og er samstundes naudsynt for å i vare ta klima og natur.

Marin og maritim næring har naturgitte fortrinn, og er viktig for Vestland si sterke posisjon innan verdiskaping og eksport. Også opplevinga av fjord, fjell og eit unikt kulturlandskap har vore ei sterk eksportvare over lang tid. Nye trendar har gjort kortreist

I Vestland er klima og naturmangfald ein premiss for samfunnsutviklinga

Vestland sine utfordringar knytt til klima, natur og landskap forsterkar kvarandre. På same måte heng løysingane tett saman. Vestland må nytte og styrke eksisterande kunnskap om alvoret og omfanget av naturtap, og om korleis naturbaserte løysingar kan bli ein nøkkel til klimaløysingane, både med omsyn til utslepp og tilpassing og til sikring av kulturarv.

Naturmangfald handlar om korleis vi tek omsyn til artsmangfald og økosystem, naturen sin eigenverdi, og slik at vi også i framtida kan nytte naturen sine bidrag til menneska. Styrka kunnskap og omsyn til klima, naturen og økosystema i samfunnsutviklinga er eit prioritert mål for Vestland.

Kulturarv er viktig for tilhøyrse, livskvalitet og næringsliv. Kulturmiljø oppstår når mennesket gjennom generasjonar set sitt preg på naturlandskap. Kulturmiljø fortel historia om Vestland til inspirasjon for framtida.

naturturisme til ei lovande ny næring, ikkje minst for mange spreitt utbygde kommunar. God forvalting av dei naturgitte ressursane, omstilling til sirkulærøkonomi og utvikling av kompetansen som finst i forskning- og næringsliv, er viktig for å sikre at Vestland også i framtida kan vere eit leiande verdiskapingsfylke.



Bilde 1: Fjellstrand verft.
Foto: Morten Wanvik / Vestland fylkeskommune.

Klimaspørsmåla handlar om utsleppsreduksjon for å bremse klimaendringar og tilpassing til endra klima. Vestland treng styrka innsats for dette, og mange kommunar arbeidar med å styrke sin innsats knytt til klima.

Naturen sitt bidrag til menneska omfattar klimaregulering og ressursar til verdiskaping, som massar, mineral, jord og fisk. Landskap, kulturmiljø, rein luft og grønstruktur som leverer tenester knytt til livskvalitet og folkehelse.

Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket

Vestland skal vere eit sosialt berekraftig fylke der alle kan delta og bidra. Innbyggjarane er fylket sin viktigaste ressurs. Vi må finne moglegheitene i dei demografiske endringane som kan skape balanse mellom bygd og by, minske sosial ulikskap og auke deltakinga i arbeids- og samfunnsliv.

Lokalsamfunna i Vestland har ulike føresetnader for å handtere samfunnsendringane. Lokalsamfunnsutvikling handlar om staden som ein sosial arena med toleranse for mangfald, inkluderande kultur og band som skapar tilhørslse. Det handlar og om staden som økonomisk drivkraft med tilgang til arbeidsplassar, varer og tenester og om verdiskaping som ressurs for velferd.

Vestland når sine mål gjennom samarbeid og samordning

Berekraftsutfordringane krev endring. Styrka innsats for samordning og strategiske samarbeid mellom offentleg sektor, private samfunnsaktørar og forskingsmiljø og akademia i Vestland er viktig i endringsarbeidet.

Kommunane i Vestland kan vere ein viktig pådrivar for å bygge samarbeidskapasitet, til liks med fylkeskommunen. Vestland treng erfaring med nye typar partnerskap for å løyse berekraftsutfordringane. Samfunnet er sektordelt, både i administrasjon og politikk. Kapasiteten til samordning og samarbeid må styrkast. Offentleg sektor kan ta ei pådrivarrolle i dette mellom anna med å styrke involvering. Planlegging etter plan- og



Bilde 8: Folk i alle aldre på marked på Møhlenpris i Bergen.
Foto: Liz Eva Tøllefsen / Vestland fylkeskommune.

Til slutt handlar det om staden som ein fysisk omgjevnad. Arkitektur og estetikk er viktige verktøy for å jobbe med dei to andre dimensjonane ved lokalsamfunnsutviklinga. Kommunane kan legge til rette for samla innsats som gjev styrka livskraft for lokalsamfunna.


bygningsslova er ein viktig arena for å styrke samordningskapasiteten.



Bilde 92: Vingen helleristningsfelt og fjellklippa Hornelen.
Foto: Birgit Tansøy / Vestland fylkeskommune.

10 strategiar for å nå samfunnsmåla:

Måla i utviklingsplanen peiker mot framtida vi ønsker oss og er overordna og langsiktige. Strategiane bidreg til å omsette måla til meir spissa politikk og handling i inneverande valperiode. Dei legg grunnlaget for regionale planar, konkrete tiltak og prioriteringar av ressursar. Kvar strategi kan bidra til å nå minst to mål, helst fleire. Det vil løne seg å samarbeide på tvers av sektorar og fagområde med det strategiske arbeidet.



Figur 5: Illustrasjon av samanhengane mellom dei fire måla og ti strategiane. Måla seier kva vi vil oppnå, mens strategiane syner korleis vi vil arbeide for å nå måla.




Figur 6: Strategi 1

Merksemnda på forskning skal styrkast, for utvikling av innovasjon og kompetansearbeidsplassar i heile fylket. Samarbeid mellom offentlig sektor og forskingsmiljøa vil gjere offentlig sektor i betre stand til å handtere nye og endra oppgåver.

Dugnad og frivillige er viktige krefter i samfunnsutviklinga. Det er eit mål å betre samarbeidet mellom kommunar og frivillig sektor då dette vil bidra til eit mangfaldig tilbod der flest mogleg deltar.

Gjennom EØS-avtalen har norske regionar tilgang til ei rekke EU-program, men også samarbeidsalliansar og medlemsorganisasjonar som kan påverke EU sin politikk og regelverk. Vestland skal samarbeide med den Europeiske Union (EU) om utfordringar innan klima, naturmangfald, demografiske endringar, utanforskap og grøn verdiskaping.




Figur 7: Strategi 2

og frivilligheita. Tal på tannklinikkar og skular må balanserast mot behovet for å sikre gode og stabile skule- og fagmiljø.

Det kulturelle tilbodet i Vestland skal vere mangfaldig og tilgjengeleg. Møtestadar og debattarenaer skal utviklast i samarbeid mellom profesjonelle aktørar og institusjonar, kommunane og frivilligheita.

God mobilitet sikrar innbyggjarane tilgang til arbeid, tenester, fritidsaktivitetar og samfunnsdeltaking. Vestland skal ta vare på infrastrukturen vi har, og utvikle sikre, miljøvenlege, effektive og framtidssrette mobilitetssystem som bind innbyggjarar, tenester og næringsliv saman. Nullvisjonen handler om at ingen skal omkomme eller bli hardt skadde i trafikken. Kollektivtilbodet har store variasjonar i kundegrnlag og bruk i dei ulike delane av fylket, og det er behov for stor grad av stadtilpassing i val av løysingar. Vestland skal vera ein pådrivar for vidare digitalisering av offentlig sektor og legge betre til rette for næringsretta digitalisering.



Figur 8: Strategi 3


I Vestland skal vi nytte dei naturgjevne føresetnadane våre på ein berekraftig måte. Teknologi- og kompetansmiljø skal styrkast i omstillinga til eit lågutsleppssamfunn. Det er bruk for sterke fagmiljø som gjer det attraktivt å flytte og etablere statlege arbeidsplassar.

I Vestland er det behov for å sikre nærings- og industriareal som gjev berekraftig verdiskaping. Vi må planlegge for rett areal til rett føremål, på rett stad, til rett tid. Betre arealeffektivitet, ressursutnytting og energieffektivisering bidreg til utsleppsreduksjonar, samstundes som det aukar lønnsmda. For å styrke lokalsamfunn og sikre berekraftig bruk av naturressursar og dyrka mark, må arealverdiane ligge til grunn planlegginga av ny infrastruktur, større bustadområde og arealkrevjande industri- og næringsverksemd.



Figur 9: Strategi 4


Vestland skal bidra til utdanning, forskning og innovasjon som kan styrke kompetansen og overgangen frå fossilt energisystem til fornybar energi.



Figur 10: Strategi 5

Det offentlege har eit særskilt ansvar for å legge til rette for etter- og vidareutdanning som møter behova i eit samfunn i omstilling. I Vestland skal vi mellom anna gjere dette gjennom tett samarbeid mellom næringslivet, offentlig sektor og utdanningsinstitusjonane, og soleis sikre god balanse mellom tilbod og etterspurnad etter kompetanse og arbeidskraft. Vi skal sørge for å ha oppdatert kunnskap om kompetansebehovet i arbeidslivet no og framover, og gjennom utdanningstilboda sikre betre tilgang på arbeidskrafta marknaden har behov for. Vi skal også vidareutvikle kompetansen til dei som er i arbeid. Alle ressursane i befolkninga skal takast i bruk, t.d. innvandrarak og ungdomar som har falle ut av vidaregåande skule og arbeidslivet, med å koordinere arenaer og aktivitetar knytt til utvikling av kompetanse og karriererettleiing.

Vi skal satse på idretts- og kulturtilbod, mobilitetsløysingar, møteplassar, arkitektonisk kvalitet og god tilgang til nærfriluftsliv i bustad- og senterområde. Dette gjev investerings- og bulyst i heile fylket.



Figur 2: Strategi 6

barrierar for deltaking. Vi skal forebygge og hindre utanforskap, og arbeide for å fremje folkehelsa og styrke livskvaliteten.

Vi vil legge til rette for eit meir generasjonsvenleg og inkluderande samfunn ved å bygge ned fordommar og diskriminering og styrke arenaer for å kunne delta. Vi skal sikre gode livsvilkår for alle innbyggjarar gjennom tilgang til utdanning-, mobilitet- og helsetenester, natur-, kultur- og fritidsarenaer, gode oppvekstmiljø og bustader. Vi skal tek ungdomskultur og unge sine behov, helse og livskvalitet på alvor, og legge til rette for at dei kan delta i samfunnsutviklinga på sine premis. Dette også for å bidra til å demme opp for fråflytting.

7: Vestland skal stimulere til at Bergen og dei regionale sentra skal utviklast som attraktive stadar og motorar for utvikling, kombinert med støtte til livskraftige og attraktive lokalsamfunn i bygdene.

Figur 12: Strategi 7



Bergen er Vestlandet sin hovudstad og er ei drivkraft for utviklinga i heile fylket. Bergen skal vere ein attraktiv stad å bu, og tilby kunnskap, kunst og kultur, spesialisert handel, tenester og arbeidsplassar til heile regionen.

Sterke og attraktive regionale senter er motorar i bustads-, arbeids- og serviceregionane. Dei stimulerer til verdiskaping og konkurransekraft. Gode senter har regionale tenester og tilbod som supplerer det lokale tilbodet i tettstader og grender, og gjer det mogleg å arbeide og bu i alle deler av fylket. I Vestland skal vi utvikle senter med

varierte tilbod, tilpassa ulike nivå i ein senterstruktur. Vi skal stø opp om livskraftige lokalsamfunn i bygd og by.

Regional og kommunal planlegging skal gje eit utbyggingsmønster som sikrar areal- og energieffektivitet, utjamnar ulikskap og støttar opp under ei berekraftig samfunnsutvikling i heile fylket. Det skal leggst til rette for mange nok og varierte bustadar, og gode bumiljø, mobilitet og fritidstilbod. Fortettingspotensialet i bustadområde og andre utbygde areal skal kartleggast og bør utnyttast før det blir lagt til rette for utviding av bustadområde og utbygging i nye område. For å vidareutvikle Bergensområdet i ei berekraftig retning er fleire ting sentrale: nullvekst i personbiltransport, vidare bybaneutbygging, fleire syklande og gåande, eit balansert utbyggingsmønster og eit kapasitetssterkt kollektivnettverk.

8: Vestland skal styrke samfunnsikkerheit og beredskap ved å tilpasse oss klimaendringane, sikre infrastruktur og betre sjølvforsyninga.

Figur 3: Strategi 8




Klimaomstilling er ei samfunnsendring i alle delar av samfunnet, der vi må løyse utfordringane på nye måtar. Omstillinga omfattar utsleppskutt samstundes som vi tilpassar oss dagens og framtida sitt klima. Verdsamfunnet har endra seg dei siste åra. Pandemi og den sikkerheitspolitiske situasjonen i Europa har gjort sårbarheiter knytt til forsyningsikkerheit synlege. Vestlandssamfunnet er vevd inn i ein verdsøkonomi som gjer oss avhengige av både import og eksport, og god kopling mellom transport på veg,

sjø og luft. Råvarer, teknologi og mat er kritiske ressursar som vi i framtida bør sikre at vi har betre kontroll over, mellom anna gjennom styrka sjølvforsyning.


Hyppigare ekstreme naturhendingar og ekstremvær i framtida vil gi konsekvensar for liv og helse, samfunnskritisk infrastruktur, matproduksjon, lokalsamfunn, næringsliv og natur- og kulturmiljø. Klimaendringane vil påverke tryggleiken, helsa og kvardagslivet til innbyggjarane våre. Å førebygge og handtere klimautfordringane handlar i stor grad om auka merksemd på samfunnsikkerheit og beredskap i arealplanlegginga og i eksisterande arealbruk.

Å nytte naturen som del av løysingane vert avgjerande i møte med klimaendringane. Vi kan auke naturmangfaldet og livskvaliteten til innbyggjarane med auka bruk av naturbaserte løysingar og vern om strategisk viktige natur- og jordbruksareal. Dette kan også bidra til opptak av klimagassar og klimatilpassing og betre matsikkerheit. For fylkeskommunen sine ansvarsområde handlar det særleg om å vedlikehalde og sikre eksisterande infrastruktur, og unngå å lage ny sårbarheit i nye prosjekt og planar. Omsynet til vern av matjord, samfunnsikkerheit og beredskap skal vere ein integrert del av kommunal og regional planlegging framover.




9: Vestland skal forvalte natur-, landskaps- og kulturverdiar i eit langsiktig perspektiv og følgje opp Naturavtalen frå 2022.

Figur 4: Strategi 9




Langsiktig og balansert forvaltning av naturmangfald, landskap- og kulturmiljø er viktig for å bygge ein attraktiv, konkurransedyktig og berekraftig region. Vestland skal følgje opp forpliktingane i Naturavtalen frå Montreal 2022, som inneber både bevaring og restaurering av natur. Ansvarleg forvaltning og sikring av naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø, naturressursar, matjord, areal til sjømatproduksjon og viktige landskap- og friluftsområde skal sikre dette også for kommande generasjonar.

Arealforvaltninga skjer i hovudsak i kommunal regi, og kommunane treng støtte i verdivurderinga av areal og oversikten over arealbruk. Styrka jordvern og areal til sjømatproduksjon er avgjerande for å betre matsikkerheita. Det er difor behov for auka kunnskap om og kartlegging av arealverdiar i Vestland, for å betre avgjerdsgrunnlaget. Det er også behov for samordning og gode metodiske verktøy for å vurdere og synleggjere samla konsekvensar av tiltaka, både for klima- og arealverdiar. Heilskapleg planlegging er det viktigaste verktøyet for samordning og forvaltning av natur-, landskap- og kulturverdiar, og oppdaterte regionale og kommunale planar er ein premiss for berekraftig arealforvaltning.



10: Vestland skal være ein pådrivar for samordna og styrka innsats for klimaomstilling inkludert nullutslepp.

Figur 5: Strategi 10



Klimagassutsleppa i Vestland kjem i hovudsak frå industri, olje og gass, byggenæringa, sjøfart og vegtransport. Utslepp frå alle sektorar må reduserast for å nå målet om

lågutsleppssamfunnet. Viktige faktorar er å redusere energibehovet og mengda fossil energi i energisystemet, og auke delen av fornybar energi. Samstundes må energieffektiv teknologi gi grunnlag for verdiskaping og aktivitet. Reduserte klimagassutslepp har verknad på samfunnsikkerheit i eit langsiktig perspektiv, ved at mindre drivhusgassar i atmosfæren vil gi færre ekstremvêrhendingar.

Kompakt utbyggingsmønster med samlokalisering av tenester og handel er viktig for å nå målet. Innanfor transport må delen av kollektive og miljøvenlege alternativ aukast og bruken bli større. Produksjon av varer må bli meir effektiv og basere seg på betre ressursutnytting og sirkulære materialstraumar og forretningsmodellar.

Det offentlege er ansvarlege for ein god del av det totale ressurs- natur- og klimafotavtrykket gjennom investeringar og innkjøpspraksis.

Offentlege innkjøp er difor eit viktig verkemiddel for å redusere miljøbelastning og klimautslepp. Vestland fylkeskommune skal nå klima- og miljømål gjennom meir berekraftige offentlege innkjøp, investeringar og utbyggingsaktivitetar, samt sikre ein rettferdig omstilling. På denne måten kan fylkeskommunen syne veg gjennom eigen innsats, og inspirere og mobilisere kommunar, næringsliv og vestlandssamfunnet.

A landscape photograph of a mountain valley. In the foreground, several high-voltage power line towers stand on a rocky, brownish terrain. A winding asphalt road curves through the valley. In the background, steep, forested mountains rise under a clear blue sky. The overall scene is a mix of natural beauty and infrastructure.

Kapittel 4

Planbehov i perioden 2024–2028

I planperioden vil Vestland utarbeide to nye, breie regionale planar: Regional plan for areal og mobilitet og regional plan for verdiskaping og kompetanse. Dette er dei prioriterte planoppgåvene det skal samarbeidast om i fylket. Planane femner om store berekraftsspørsmål knytt til økonomisk utvikling, natur og miljø og sosial utjamning. Det vert lagt opp til brei medverknad frå ulike interessegrupper, i tillegg til statlege organ og kommunar. I planperioden vert handlingsprogram til folkehelseplanane revidert.

Regional planlegging som berekraftsverktøy

Planlegginga sitt føremål er å sette strategisk retning, og å fremme ei berekraftig utvikling gjennom å sjå samanhengar mellom sektorar, forvaltingsnivå og interesser i eit område. Regionale planar tek tak i planspørsmål som er felles for fleire kommunar og som krev samordning og samarbeid. I planperioden skal regional planlegging verte eit enda betre verktøy for berekraftsarbeidet. Dette er samansette utfordringar som går på tvers av tradisjonelle sektorar og politikkområde.

Det er behov for å styrke heilskap og samanheng i planlegginga for å møte samansette utfordringar. Det er mange døme på målkonfliktar og politiske dilemma i utfordringsbiletet til Vestland, men det er òg stort potensiale for å skape meirverdi og synergjar gjennom meir heilskapleg og forepliktane planlegging. Breie tverrsektorielle planarbeid skal bidra til dette.

Fylkeskommunen vil trekke inn statlege organ,

kommunar, organisasjonar og institusjonar som kan vere viktige for å realisere planane tidleg i arbeidet. Samskaping vert vidareutvikle som metode for å styrka legitimitet og gjennomslagskraft i planlegginga.

Tema som skal takast omsyn til i all planlegging er: barn og unge sine oppvekstkår, estetisk utforming av omgjevnadene og universell utforming. Andre prioriterte gjennomgåande tema i all planlegging i Vestland er: klima, naturmangfald, folkehelse og mangfald, samfunnssikkerheit og beredskap.

Gjennomgåande plantema

Eit gjennomgåande plantema er relevant og viktig for alle sektorar. Mange aktørar har direkte eller indirekte verkemiddel for desse temaa. Fylkeskommunetinget vil styrke fokus på prioriterte gjennomgåande plantema i all regional planlegginga.

I føremålsparagrafen til plan og bygningslova er omsynet til barn og unges oppvekstkår,

estetisk utforming av omgjevnaden og universell utforming løfta fram. I Vestland skal i tillegg klima, naturmangfald folkehelse, mangfald og samfunnssikkerheit og beredskap vere prioriterte gjennomgåande omsyn. Målet er å styrke medvit og kunnskap om temaa, og bidra til at det vert arbeidd breitt og samordna med dei i alle sektorar.

Regionale planarbeid

Det vert utarbeidd to nye regionale planar i perioden:

- Regional plan for areal og mobilitet
- Regional plan for verdiskaping og kompetanse

Dei nye planane skal bestemme hovudtrekka i langsiktig regional politikk og gje tydelege styringssignal. Dette kan gje mange gevinstar. Det kan styrke legitimitet bidra til koordinering av ulike interesser på tvers av sektorgrensar og nivå, identifisere og handtere kommune-

overskridande utfordringar, førebygge framtidige konfliktar mellom kommunar og hindre at kommunar vert sett opp mot kvarandre. Særleg når det gjeld etablering og lokalisering av nye utbyggingsprosjekt. Det vil auke føreseie og likebehandling for planlegging og utviklingsarbeid i fylket.

Dei to planane skal sjåast i samanheng og retningslinene skal supplere kvarandre. Planarbeida vil gå føre seg parallelt, med utgangspunkt i felles eller samordna planprogram.

Regional plan for areal og mobilitet



Figur 6: Illustrasjon for regional plan for areal og mobilitet. Laga av Aksell.

Vestland skal bevege seg mot eit energi- og arealeffektivt lågutsleppssamfunn. Vi skal stoppe og reversere naturtap og sikre naturressursar, landskap og kulturmiljø for framtida. Vi skal ha eit trygt, effektivt og framtidretta transportsystem, som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet i bygd og by. Areal er ein knapp ressurs, og effektiv planlegging av samfunna våre blir viktig for å ta vare på kvalitetane vi har i dag og sikre oss for framtida.

Regional plan for areal- og mobilitet skal bidra til at vi når desse måla. Det er behov for regionalt samarbeid og regional tolking av statlege føringar. Eit hovudmål er å samordne samferdselsoppgåvene til fylket med arealoppgåvene til kommunane. I Vestland er det allereie vedtatt fleire mål, retningslinjer og føresegner for areal og mobilitet i enkeltplanar. Den nye planen skal styrke heilskapen, samle strategiar og retningslinjer under ei fane og bidra til styrka samordning og samarbeid på området.

Planen skal bidra til reduserte klimautslepp, betre klimaomstilling og eit utbyggingsmønster som reduserer behovet for transport. Den skal gje rammer for den langsiktige utviklinga av samferdslesektoren i Vestland. Styrka samfunnssikkerheit og beredskap knytt til

areal og mobilitet er eit viktig tema. Her er areal som karbonreserve og styrka klimatilpassing sentrale tema.

Planen skal slå fast ein senterstruktur for Vestland. Senterstruktur er eit rammeverk for effektiv og samfunnsøkonomisk utnytting av natur- og menneskeskapte ressursar. Lokalsamfunna skal vere attraktive for verdiskaping, innbyggjarar og tilreisande, gjennom kompakte utbyggingsmønster, høg kvalitet i dei bygde omgjevnadene, kulturarv og kulturmiljø. Senterstruktur vert eit viktig grunnlag for lokalisering av areal til næring, bustader, handel og tenester. Infrastruktur og kollektivtilbod skal bygge opp under senterstrukturen og skape gode koplingspunkt mellom ulike transportsystem på land og i sjø.

Arealendringar er den enkeltfaktoren som i størst grad medverkar til naturtap, artstap, dårleg miljøkvalitet og auka klima og naturrisiko. Planen skal sette rammer for forvaltning av naturressursar og landskap, inkludert jord, mineral og massar og strandsone. Regional plan for areal og mobilitet vert grunnlaget for kunnskapsutvikling knytt til arealrekneskap og naturkonsekvens.

Kulturminne og kulturmiljø er ein viktig ressurs for verdiskaping og samfunnsbygging.

Heilskapleg og langsiktig forvaltning av fjord og fjell, kulturmiljø og kulturlandskap, er særleg viktige ressursar for næringsutvikling, friluftsliv og livskvalitet i Vestland.

Planen vil legge rammene for ei differensiert arealforvaltning. I Vestland finst det geografiske område med høgt utbyggingspress, slik som i Bergensområdet. For dette området finst det ein regional areal- og transportplan. I andre område er det lågt utbyggingspress.

Regional plan for areal og mobilitet vil bidra til å erstatte fleire regionale planar, samle viktige omsyn, retningslinjer og regionale føresegner for areal, som t.d. delar av regional klimaplan og regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger. Den skal samordne eksisterande temaplanar og strategiar på området. Samspelet med ny regional plan for verdiskaping og kompetanse vert viktig.

Regional plan for verdiskaping og kompetanse



Figur 7: Illustrasjon av regional plan for verdiskaping og kompetanse. Laga av: Aksell

Verdiskaping og kompetanse er nøklar til å skape gode liv i Vestland. Vestland skal fortsette å vere ein sterk verdiskapingsregion med høg kunnskap og kompetanse, og med ein internasjonal posisjon innan teknologi. Vi skal ha eit mangfaldig arbeidsliv med høg deltaking, og legge til rette for tilgang til rett kompetanse og arbeidskraft i by og distrikt.

Regional plan for verdiskaping og kompetanse skal styrke samanheng og heilskap mellom mål for verdiskaping, kompetanse og andre miljø- og samfunns mål. Nasjonale og internasjonale forpliktingar for klima- og miljø ligg til grunn. Vestland har fleire planar med retningslinjer for verdiskaping og kompetanse. Desse vert samla som grunnlag for styrka samordna innsats frå stat, fylke og kommunar.

Vestland er eit leiande eksportfylke. Eksportverksemdene i Vestland sørger for eit stort tal arbeidsplassar. Vestland har gode føresetnader for å ta ein leiande posisjon i dei nye, grøne verdikjedene basert på fossilfrie energikjelder og sirkulære løysingar. Kompetanse frå olje- og gassverksemd vert viktig for å få til samfunnsomstillinga. Fossile energikjelder må bli erstatta, og kan raskt bidra til utsleppskutt. Det krev tilgang til fornybar energi, utan at det kjem i konflikt med andre viktige omsyn. Tiltak for klimaomstilling må ikkje forsterke naturkrisa, ei krise som er tett kopla til klimakrisa.

Ny regional plan skal legge grunnlaget for verdiskaping, arbeidskraft og arbeidsplassar i heile fylket. Tre store drivarar gjer at kompetansebehovet endrar seg. Kompetansebehova er digitalisering, grønn omstilling, aldrande befolkning og ujamn

aldersfordeling i distrikta. Tilgang på arbeidstakarar med rett kompetanse er ei hovudutfordring i mange regionar. Planen skal bidra til at utdanningstilboda er i tråd med behova i arbeidslivet. Den skal styrke innbyggjarane sine moglegheiter for livslang læring og kompetanseutvikling og formalisering av kompetanse. Ungdom skal bli motivert til å ta utradisjonelle val og satse der dei veks opp. Planen skal styrke samarbeid mellom utdanningsnivåa og mellom utdanningsinstitusjonar, arbeidslivet og verkemiddelaktørar.

Naturrisikoutvalet (NOU 2024:2) har vist korleis norske næringar og sektorar er og kan bli råka ved tap av natur og naturmangfald. Planen skal styrke medvit og kompetanse om naturrisiko, som gjer at klimaomsyn og natursystem vert ein integrert del av løysingsforslaga. Grøn omstilling handlar og om å styrke samfunnstryggleik og beredskap, mattryggleik,


energitryggleik og berekraftig forvaltning av naturressursar.

Den nye planen tek og for seg planspørsmål knytt til innovasjon og næringsutvikling, næringsareal, sirkulærøkonomi og fornybar energi og samfunnssikkerheit og beredskap. Den tek og for seg digitalisering og kunstig intelligens. Planen skal legge til rette for å vidareutvikle og dra nytte av innovasjonsinfrastruktur uavhengig av geografi. Den skal gje rammer for å utvikle kapasitet og kompetanse på innovasjon, forskning og utvikling i privat og offentleg sektor.

Ny plan erstattar regionale planar for innovasjon og næringsutvikling (berekraftig verdiskaping) og for fornybar energi, delar av regional klimaplan og regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger. Samspelet med ny regional plan for areal og mobilitet vert viktig.

Vestnorsk fjordlandskap – Verdsarvområda Geirangerfjorden og Nærøyfjorden

Vestnorsk fjordlandskap er innskrive på Unesco si verdsarvliste og vurdert å vere eit av verda sine mest verdifulle natur- og kulturarvområde. Verdsarvområdet omfattar fire kommunar i Vestland og to i Møre og Romsdal fylke. Det gjer at det er krevjande å sjå den samla effekten av tiltak som vert gjennomført i området. Det er og vanskeleg å ha oversikt og samordne verkemiddelbruken på tvers av administrative grenser og forvaltingsnivå.



Bilde 3: Nærøyfjorden i Aurland er på verdsarvlista til UNESCO. Foto: Rolf Sørensen.

Miljødirektoratet og Riksantikvaren har innhenta faglege råd frå Verdas Naturvernunion (IUCN). I ein rapport frå 2022 blei det tilrådd å gjennomføre ei strategisk miljøkonsekvensutgreiing som dekker temaa reiseliv, industriell næringsverksemd, akvakultur, anna næringsutvikling, trafikk og

sikkerheit. Samt å revidere tidlegare konsekvensutgreiingar og utarbeiding av ein felles forvaltningsplan for dei to delområda.

Direktoratet meiner at tilrådingane frå IUCN kan følgast opp gjennom å utarbeide ein interregional plan for Vestnorsk fjordlandskap. Direktoratata har teke initiativ overfor Vestland og Møre og Romsdal om dette spørsmålet. Det har vore innleiande dialog mellom fylkeskommunane. Spørsmålet vert vurdert vidare i arbeidet med regionale planstrategiar.

Det peiker seg ut tre hovudalternativ for planlegging etter plan og bygningslova:

- Interregional plan som samarbeid mellom Vestland og Møre og Romsdal.
- Samordna forvaltning av verdsarvområde inngår i ny regional planen for areal og mobilitet og ny regional plan for verdiskaping og kompetanse.
- Interkommunal plan, eventuelt kommuneplan i kommunane det gjeld.

Fylkeskommunen ønskjer å nytte høyring og offentleg ettersyn av utviklingsplan for Vestland til dialog og innspel frå kommunane i Vestland kring planspørsmålet. Det gjeld kommunane Aurland, Vik, Lærdal og Voss. Dette vil danne grunnlag for vidare prosess og val av løysing i utviklingsplanen.

Regionale planar som vert heilt eller delvis erstatta

Arbeidet med planprogramma for dei nye regionale planane vil gje fleire detaljar knytt til arbeidsfordeling og føremålsbehovet for utgreiingar og endeleg avklaring av kva planar som vert erstatta. Særleg gjeld dette om Regional areal- og transportplan for Bergensområdet og Regional plan for areal- og transport på Haugalandet vert erstatta eller om desse skal vidareførast. Fleire planar frå dei to tidlegare fylka og nokre frå Vestland vil verte heilt eller delvis erstatta.

Regional transportplan for Vestland fylke 2022–2033 (RTP)

RTP er ein strategisk plan for samferdselssektoren i Vestland, med hovudvekt på det fylkeskommunale ansvaret. Planen omtalar også det nasjonale ansvarsområdet på feltet. Planen har stor påverknad for kommunane og næringslivet i Vestland. Den omhandlar alle delar av samferdselsektoren, som drift, vedlikehald og utbygging av fylkesveg, kollektiv, skredsikring, gang- og sykkelveg, Bybanen og Miljøløftet.

Regional plan for areal og mobilitet vil erstatte RTP på eit overordna strategisk nivå og gi retningslinjer for mobilitetsstrukturen i Vestland. Det vil bli utarbeidd ein eigen temaplan for fylkesvegnettet som skal gje retning, rammer og prioriteringar, og som bygger på Regional plan for areal og mobilitet.



Bilde 4: Prøveprosjekt med geiter ved rasteplassen Kolven i Balestrand i Sogndal kommune hausten 2023.
Foto: Birthe Johanne Finstad / Vestland fylkeskommune.

Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015–2026

Dette er ein plan for senterstruktur og retningslinjer for lokalisering, arealbruk og estetisk utforming av omgjevnader, samt regional føresegn for lokalisering av handel i tidlegare Hordaland. Planen definerer mål,

strategiar og senterstruktur, og har retningslinjer og handelsføresegn som styringsverktøy for regional utvikling.

Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur i Sogn og Fjordane 2018–2022

Strategi med retningslinjer for senterstruktur, arealbruk, lokalisering og arkitektur. Strategien er laga for å skape betre bu-, arbeid-, og besøksstader i tidlegare Sogn og Fjordane.

Begge dei to planane for senterstruktur vert erstatta av ny Regional plan for areal og mobilitet.

Kunnskapsgrunnlag for ny, felles Regional plan for senterstruktur og berekraftige lokalsamfunn i Vestland vart lagt fram for fylkesutvalet i 2023. Det vart her gjort vedtak om å setje arbeidet på vent for å sjå planbehova i samheng med andre regionale planspørsmål. Delar av dette arbeidet som rammer for senterstruktur skal innarbeidast i ny plan for areal og mobilitet.

Fylkesdelplan for arealbruk Sogn og Fjordane

Planen er ein eldre plan godkjent av Miljøverndepartementet i 2002. Plan med retningslinjer for arealbruk, lokalisering og arkitektur, samt føresegn for lokalisering av handel. Denne planen vert erstatta av ny Regional plan for areal og mobilitet.

Regional plan for klima 2022–2035

Regional plan for klima blei vedtatt i 2022. Den er eit overordna, langsiktig og tverrsektorielt

styringsdokument for klimaarbeidet i Vestland mot 2035. Planen vert følgt opp med 4-årig handlingsprogram og årsplanar kopla til klimabudsjett som styringsverktøy.

Hovudmålet med planen er at Vestland skal vere ein ansvarleg pådrivar for nullutslepps-samfunnet, der vi løyser tre kritiske oppdrag; utsleppsreduksjon, klimatilpassing og sikre naturmangfald. Dette gjer vi gjennom fem prioriterte plantema. Klimaplanen har retningslinjer for planlegging knytt til alle fem prioriterte plantema og fire deltema i planen.

Klima er eit prioritert gjennomgåande innsatsområde og planen vert gradvis erstatta. I denne planperioden gjennom Regional plan for areal og mobilitet og Regional plan for verdiskaping og kompetanse som skildra i planomtalane.

Berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021–2033

Planen har som hovudmål at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grønn næringsutvikling og innovasjon. Planen har fem satsingsområde og føringar knytt til areal. Denne planen vert erstatta av ny Regional plan for verdiskaping og kompetanse.

Regional kystsonenplan for Sunnhordland og ytre Hardanger 2017

Føremålet med planen er å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlandsregionen og Ytre Hardanger. Plantema er berekraftig kystsonenplanlegging, akvakultur, sjøtransport og maritim næring, og strandsone. Planen har plankart og retningslinjer med arealføringar.

Temaa som kan inngå i ein eller begge ny (e), regional(e) plan(ar) er; strandsone, kulturmiljø, friluftsliv, akvakultur, marin næring og sjøtransport.

Delar av denne planen vert erstatta både i Regional plan for areal og mobilitet og Regional plan for verdiskaping og kompetanse.

Kommunar som ser behov for meir detaljert samordning og styring for nokre tema eller område, kan supplere med interkommunale planar, til dømes for kystsona.



Bilde 5: Sjøens papegøye, Lundefuglen! Lundefuglen er på den nasjonale rødlista for trua artar. Foto: Inge Døskeland /Vestland fylkeskommune.

Regional plan for fornybar energi 2023–2035

Planen har som hovudmål at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grønn næringsutvikling og innovasjon. Gjennom utbygging av fornybar energi bidreg vi til målet om eit netto nullutsleppssamfunn.

Planen gir retningslinjer for fleksibel og sikker kraftforsyning basert på fornybare kjelder, som er ein viktig føresetnad for vidare grønn verdiskaping i fylket.

Planen har føringar knytt til areal. Denne planen vert erstatta av Regional plan for verdiskaping og kompetanse.

Regional plan for areal og transport på Haugalandet 2016

Planen omfattar Haugalandsområdet og gjeld for sentrumsutvikling, bustad- og næringsbygg, transport og arealforvaltning. For Vestland gjeld planen for kommunane Sveio og Etne.

Denne planen vert truleg erstatta av Regional plan for areal og mobilitet i Vestland, gjennom arbeidet med planstrategien og tilhøyrande planar i Rogaland.

Vidareføring og/eller revisjon av regionale planar

Regional plan for kultur 2023–2036

Plan for utvikling av det breie kulturfeltet og skal styrke Vestland som kulturregion. Kulturplanen nyttar eit utvida kulturomgrep som inkluderer alt frå kunst, allmenn kultur, kulturformidling, idrett og friluftsliv, frivillig arbeid, kulturmiljø og kulturarv, museum, arkiv og kulturhistorie, den kulturelle grunnmuren, organisasjonslivet, kulturskulane, møteplassar, bibliotek og kulturhus, anlegg for fysisk aktivitet og for kunst og kulturelle verksemdar, og kreativ næring.

Planen er relativt ny og skal vidareførast og følgjast opp med revidert handlingsprogram i 2025.



Bilde 6: Gjennom kreativitet, uttrykk og refleksjon beriker kunsten våre liv på mange måter. Utsmykking ved Førde vidaregåande skule. Foto: Mona Fossdal / Vestland fk.

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (2017–2028)

Planen er eit viktig operativt verktøy og grunnlag for forpliktande samarbeid mellom stat, fylke og kommunane i Bergensområdet. Planen gir strategisk retning for utviklinga av Bergensområdet innanfor berekraftige rammer. Målet er eit meir konsentrert utbyggingsmønster og satsing på kollektivtransport, sykkel og gange og å styrke konkurransekrafta til næringslivet.

Bergensområdeplanen vert førebels vidareført og planprogrammet for Regional plan for areal og mobilitet vil avklare status for denne planen.



Bilde 14: Born leiker i sølepytt. Foto: Morten Wanvik/Vestland fk.

Regional planar for folkehelse: Hordaland 2014–2025 / S&fj. 2015–2025

Kunnskapsgrunnlaget og folkehelseoversikta frå 2023 syner at den sosiale berekrafta er under press. Klimaendringane har gjort utfordringane for folk større og meir synlege. Sosial ulikskap i helse aukar, demografiske endringar forsterkar utfordringsbildet både for samfunn og individ og har effekt på mange område som til dømes psykisk helse og livskvalitet.

Vestland har to regionale folkehelseplanar frå 2014/15 med felles handlingsprogram frå 2021. Ny folkehelselov kjem på høyring hausten 2024. Fylkeskommunen har fått nye oppgåver på integreringsfeltet. Ved ein rullering av handlingsprogrammet kan nye tema som integrering, mangfald, klimarettferd, det bustadsosiale feltet, samt utfordringar vist i kunnskapsgrunnlag og folkehelseoversikt hentast inn og målområda i utviklingsplanen knytast til. Folkehelse- og

integreringsperspektivet knytt til kompetanseområdet vert samordna mot arbeidsperspektivet i den nye verdiskapingsplanen. Fråfall i vidaregåande skule er spørsmål som fell inn under verdiskapings- og kompetanseplanen og arbeidet med handlingsprogram til folkehelseplanane.

I samband med nytt *strategisk handlingsprogram for folkehelse og integrering* kan det vere behov for nytt og breiare kunnskapsgrunnlag.



Bilde 75: Vinterlandskap i Vestland. Foto: Inge Døskeland/Vestland fk.

Regional plan for vassforvaltning Vestland 2022–2027

Regional plan for vassforvaltning Vestland vert føljt opp i eit samarbeid innanfor vassregion Vestland. Vestland vassregion følgjer nedbørsgrensene til Vestland og ikkje den administrative fylkesgrensa. Krav til innhald i planen og tiltaksprogrammet er gitt i vassforskrifta. Planen skal utarbeidast som ein regional plan i samsvar med plan- og bygningslova.


Hovudmålet med planen er å betre vassmiljøet der det er dårleg og verne om vassmiljøet slik at det ikkje vert dårlegare. Planen set miljømål og skisserer kva som skal til for å nå miljømåla for vassførekomstane. Gjeldande regionale vassforvaltningsplan med tiltaksprogram for 2022–2027 blei utarbeidd i 2021. Planen vart vedteke av Fylkestinget og godkjend av Klima- og Miljødepartementet i 2022. Fram mot

utgangen av 2027 skal plandokumenta oppdaterast for heile landet for planperioden 2028-2033.

Følgjande plandokument skal på høyring fram mot 2027:

- Planprogram og hovudutfordringar kjem på høyring i 2025 (6 mnd. frå 01.01.25).
- Vassforvaltningsplanen, tiltaksprogram og handlingsprogram kjem på høyring i 2026.

Planlagt vedtak i Fylkestinget av revidert vassforvaltningsplan og tiltaksprogram for 2028 – 2033, skjer innan utgangen av 2027.



Bilde 86: Undervannsfoto av sekkedyr og sukkertare. Foto: Inge Døskeland / Vestland fk.

Interregionale planar for nasjonale villreinområde

- Regional plan for Hardangervidda 2011–2025
- Regional plan for Setesdal, Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei
- Regional plan for Ottadalsområdet 2016–2026
- Regional plan for Nordfjella

Norge forvaltar i dag dei siste livskraftige populasjonane av opphavleg vill fjellrein i Europa. Vi har difor eit særskilt internasjonalt ansvar for villreinen, mellom anna gjennom å sikre livskraftige leveområde. Frå 2021 har villreinen vore på den norske raudlista som nær truga. Fleire forvaltningsområde for villrein ligg

heilt eller delvis innanfor Vestland. Det er gjennomført eit nasjonalt program for heilskapleg arealforvaltning av fjellområde med villrein, der regionale planar skal vere styringsverktøy for ein samla arealforvaltning. I 2023 vart det utarbeida utkast til tiltaksplanar for å betre livsvilkåra for den norske villreinen. Våre regionale planar er peika på som viktige verktøy for å forankre og implementere komande tiltak.

Vi ser stadig tydelegare at villreinen sine leveområde er under aukande press som følge av arealbruk og menneskeleg ferdsle, noko som mellom anna fører til sjukdom og redusert kondisjon på stammene. Alle dei fire regionale planane vert ført vidare for å sikre prioritet til villreinstammene sine arealbehov.



Bilde 17: Villrein i Vestland. Foto: Sveinung Klyve / Vestland fk.

Planar som vert oppheva

Regional strategisk plan for kysten Sogn og Fjordane

Ved vurderingar av planbehov er det avdekkja at planen i liten grad er operativ og kan fasast ut ved vedtak av utviklingsplanen.

Alle handlingsprogram - vurdere rullering

Det skal det gjerast ei samla og heilskapleg vurdering av behov for rullering av alle handlingsprogram til regional plan og til temaplan i planperioden.

Det bør samstundes vurderast om der er behov for å oppdatere kunnskapsgrunnlag. Fokus

skal vere på å vurdere korleis oppfølginga av planen kan bidra til det breie berekrafts-arbeidet, samt samordne og styrke samarbeid gjennom økonomiplanlegginga og verkemiddelapparatet.

Temaplanar og strategiar

I Vestland sitt plansystem er det to plantypar i tillegg til regional plan: temaplanar og strategiar. Utvikling og bruk av temaplanar og strategiar er del av det langsiktige arbeidet med forenkling av plansystemet. Alle vedtekte temaplanar og strategiar vert ført vidare i planperioden. Dette gjeld og temaplanar og strategiar der arbeidet med enten kunnskapsgrunnlag eller planarbeidet er sett i gong gjennom politisk vedtak.

I denne oversikta er det berre temaplanar som er under utarbeiding som er omtala. Dette gjeld seks temaplanar. Oversiktsliste over temaplanar og strategiar ligg i vedlegg 3.

Temaplanar for opplæringssektoren

Opplæringssektoren har to temaplanar: «Fornye og forbetre - Auka gjennomføring» er det styrande mål- og strategidokumentet for opplæringssektoren. Temaplanen vart revidert i 2024, og må reviderast i 2025.

«Heilskapleg plan for tilbodsstruktur i Vestland fylkeskommune» er på høyring våren 2024 og er venta vedteken hausten 2024. Planen er at desse to planane som hovudregel vert rullert kvar fjerde år.

Både Regional for folkehelse og Regional plan for innovasjon og næringsutvikling har mål knytt til opplæringsområdet, men det er nødvendig å styrke koplinga til opplæringssektoren sitt planarbeid.

Opplærings- og integreringspolitikken vert innarbeidd i ny Regional plan for verdiskaping og kompetanse. Dette gjer det mogeleg med ei sterkare kopling mellom opplæring og næringsfeltet. Målet må vere både å gje retning for utviklinga av dei vidaregåande skulane og å leggja til grunn eit breitt perspektiv som tek opp i seg Vestland fylke sitt ansvar for det regionale kompetansesarbeidet.

Strategisk plan for tannhelseteneste 2024–2036

Temaplan for tannhelsetenesta under arbeid og skal til politisk handsaming i fylkestinget i oktober 2024. Temaplan for tannhelsetenesta skal vere eit verktøy og eit grunnlag for korleis fylkeskommunen skal løyse samfunnsoppdraget, samarbeide, prioritere og fatte avgjerder i utviklinga av den offentlege tannhelsetenesta i Vestland. Temaplanen skal gje strategisk retning for vegval i utvikling av ein framtidretta og berekraftig offentlig tannhelseteneste. Temaplanen vert etterfølgd av tiltaksplanar.

Temaplan plan for bevaring av privat arkiv

Planen er forankra i Regional plan for kultur. Hovudføremålet er å sikre heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Det er avgjerande å jobbe kunnskapsbasert og sikre ein samordna og koordinert innsats på feltet. Arkiva i Vestland representerer den historiske og kulturelle forankringa til innbygarane. Det er viktig at òg denne kulturhistoria vert teken vare på for framtida. Arbeidet med bevaring av privatarkiv er nytt i Vestland. Planarbeidet er starta og planlagt ferdig hausten 2024.

Regional politikk for utvikling av anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Gjeldande temaplan har verketid ut 2024, men vil bli føreslått utvida eitt år, t.o.m.2025. Planen skal sjåast i samanheng med revidering av nasjonal anleggspolitikk. Denne kjem på høyring sommaren 2024.

Arbeidet med regional politikk vil bli sett i gang hausten 2024, gjennom å lage eit kunnskapsgrunnlag som skal sette retning for utvikling av anlegg og idrett og friluftsliv i Vestland. Planen er styrande for Vestland fylke sin politikk for tildeling av spelemidlar.



Bilde 189: Budde det folk her? Vestland fylkeskommune og Alver kommune har våren 2023 samarbeidd om å byggje ei steinalderhytte av tre og skinn i Alver kommune. Foto: Robert Stormark/Vestland fk.

Temaplan Museum i Vestland

Temaplanen er forankra i Regional plan for kultur og er eit nytt planfelt med oppstart i 2025. Vestland er eit stort museumsfylke med ti konsoliderte museum. Gjennom ein aktiv museumspolitikk arbeider Vestland fylkeskommune for å gje gode rammevilkår for musea og deira arbeid med historia og kulturarven. Eit viktig mål i den regionale museumspolitikken er vidareutvikling av musea som sterke kunnskapscenter og organisasjonar. Dei skal vere profilerte samfunnsaktørar, som utviklar samfunnet med kunnskap om fortid, samtid og framtid. Både Hordaland og Sogn og Fjordane har utdaterte planar for museumsfeltet.



Bilde 19: Arbeid på lab på Kvam vidaregåande skule. Foto: Morten Wanvik/Vestland fk.



Foto: Morten Wanvik/Vestland fylkeskommune

Kapittel 5

Plansystem og plantypar i Vestland

Vestland sitt plansystem er under kontinuerleg evaluering og utvikling. Målet er å gjere regional planlegging meir strategisk, målretta og effektiv. I perioden vert det prioritert å styrke prosessen kring planprogram som eit verktøy for tidleg involvering og merksemd på verknader for berekraft. Tilsvarande vert det arbeid med å gjere handlingsprogram til enda betre verktøy for oppfølging, gjennom rulleringar og tettare kopling til økonomiplanlegging og årsmelding.

Plantypar, plansystem og målstruktur

Utviklingsplan – regional planstrategi

Utviklingsplan for Vestland er formelt ein regional planstrategi heimla i plan- og bygningslova § 7-1. Planstrategien er lovpålagt og skal utarbeidast av fylkestinget minst ein gong i kvar valperiode. I Vestland nyttar vi omgrepet utviklingsplan for å støtte opp under at strategien skal sette felles breie samfunnsutviklingsmål som stat, fylke og kommune kan einast om og legge til grunn for verksemd og planarbeid. I tillegg skal utviklingsplanen samordne offentleg sektor og mobilisere andre samfunnsaktørar.

Utviklingsplanen gjer greie for kva som er dei viktigaste regionale utfordringane og korleis ein skal møte dei. Regional planstrategi slår fast kva regionale planar som skal utarbeidast, kva regionale planar som skal gjelde og kva planar som skal reviderast eller fasast ut i perioden. Fylkestinget i Vestland tek òg stilling til behov for temaplanar og strategiar i utviklingsplanen.

Regionale planar

Regionale planar er eit strategiske verktøy for prioriterte tema, verksemdfelt eller geografiske område, der det er behov for regional samordning. Behovet for samordning gjeld som hovudregel fleire kommunar, sektorar og forvaltingsnivå. Regionale planarbeid er retningsgjevande for statlege organ og kommunar i Vestland og vert difor utarbeida i samarbeid med dei. I tillegg kan andre interessepartar som er viktige for gjennomføring trekkast inn. Regionale planar er heimla i plan- og bygningslova §§ 8-1 til 8-5, og skal ha ei horisont på minst tolv år. Dei gjeld til dei vert erstatta ved planvedtak.

Temaplanar

Temaplanar blir nytta for planspørsmål som i hovudsak er knytt til fylkeskommunen sine egne oppgåveområde, og der fylkeskommunen sjølv har dei viktigaste verkemidla. Dei skal utarbeidast på grunnlag av planvedtak i regional planstrategi eller regional plan. Temaplanar skal setje retning og gje rammer for utvalde tema, og er heimla i kommunelov eller sektor lovverk. Varigheit etter gjeldande praksis i fylket er som hovudregel minst 12 år. Temaplanar vert tilpassa etter behovet. Når temaplanar har stor påverknad ut mot samfunnet og der andre aktørar har viktige verkemiddel, bør eksterne aktørar involverast. Temaplan kan då vere grunnlag for samarbeid, partnerskap og verkemiddelbruk.

Strategiar

Strategiar kan særleg nyttast til å gje retning til nye politikkområde eller for å styrke samordninga innan tema eller oppgåver som allereie er forankra i fleire sektorområde. Ein strategi gir overordna retning for ulike samfunnstema for eit fagfelt eller område. Den kan peike ut vegval og satsingsområde og gjeld gjerne for ei meir tidsavgrensa periode. Som regelen har strategiar kortare levetid enn andre planverktøy, etter innhald og funksjon. Dei gjeld til dei vert erstatta ved planvedtak.

Styrka oppstart og oppfølging

Planprogrammet er eit viktig verktøy for å avklare rammene for planarbeidet og vert fastsett av regional planmynde. Eit planprogram er ei oppskrift for kva planen skal innehalde, kva som skal greiast ut, korleis planen skal utarbeidast og kven som skal delta i planprosessen. Fylkeskommunen vil styrke planprogramma som prosessverktøy, særleg med tanke på utgreiingsbehov for å skildre verknader for miljø og samfunn. Arbeidet med planprogram skal ha brei medverknad og involvere samarbeidspartar som kommunar og statlege mynde og andre interesserte partar.

Regional plan skal ha handlingsprogram som verktøy for oppfølging, og denne skal utarbeidast ved ny regional plan. Behovet for rullering skal vurderast årleg som grunnlag for økonomiplanlegginga. Økonomiplan og budsjett skal vise korleis planen vert følgd opp, jamfør kommunelova §14-4.

I handlingsprogrammet skal det vurderast ressursbehov og peike på ansvarleg organ og samarbeidspartar for gjennomføringa. Statlege og regionale myndigheiter må bli einige om behov og moglegheiter for statleg medverknad for gjennomføringa i planprosessen. Om ein ved utvikling av regional plan vel fleirårige strategiske handlingsprogram, bør årsplan som vert rullert årleg nyttast.

Temaplanar skal som hovudregel ha handlingsprogram. Forma må vere tilpassa den einskilde plan og dei problemstillingar planen tek opp. I handlingsprogrammet bør det vurderast ressursbehov og peike på ansvarleg organ for gjennomføringa.

Strategiar inneheld ikkje handlingsprogram eller tiltak. Strategiar skal likevel peike på ansvarleg organ for samordning av oppfølging. Strategiar som utløyser ressursbehov vert følgd opp i økonomi-planlegginga.

Økonomiplan og budsjett skal vise korleis temaplanar og strategiar som har budsjettmessige konsekvensar vert følgd opp. Fylkeskommunen vil i planperioden vidareutvikle felles rutinar og verktøy for rulling av handlingsprogramma og korleis kople dei til økonomiplanlegginga.

Målstruktur, rapportering og tilhøve mellom planar

Målstrukturen for planar i Vestland er ny for planperioden 2024–2028. Den synleggjer forholdet mellom dei ulike plantypene og styringsverktøya. Målet er ein føreseieleg og felles struktur med koplingar gjennom heile plansystemet. Dette frå utviklingsplanen til økonomi og budsjett, samt rapportering. Heilskapleg struktur for målhierarki og omgrep skal gjere innhaldet i planporteføljen meir oversiktleg. Dette for å bruke og følge opp i sakshandsaminga, og gjennom verkemiddelapparatet og i rapporteringa.

Visjon og verdier for Vestland fylkeskommune ligg til grunn og er felles for alle plantypar. Hovudmåla i utviklingsplanen er rammeverket. Satsingsområde, mål og strategiar her skal ligge til grunn for delmål og strategiar i regionale planar. Resultat for hovudmåla (frå utviklingsplanen) skal rapporterast på i årsmelding. Resultat frå delmål i regional plan kan inngå i årsmelding.

Utviklingsplanen og sektorovergripande regionale planar ligg til grunn for andre planar. Nye planar gjeld framfor eldre planar ved motstrid.

Tabell med oversikt over planhierakiet i Vestland:

Heimla i>	Vestland organisasjon (VLFK)	Utviklingsplan e. PBL	Regional plan e. PBL (RP)	Temaplanar (TP)	Strategiar (S)	Oppdragsbrev	Økonomiplan/årsbudsjett (ØP)	Rapportering
Visjon og verdier	0	Frå VLFK	Frå VLFK	Frå VLFK	Frå VLFK	Frå VLFK	Frå VLFK	
Satsingsområde		0	Frå UVPL	Frå UVPL	Frå UVPL	Frå UVPL	Frå UVPL	Årsmelding
Hovudmål for satsingsområde		0	Frå UVPL	Frå UVPL	Frå UVPL	Frå UVPL	Frå UVPL	Årsmelding
(Hovudmåls-)strategiar		0	Frå UVPL	Frå UVPL	Frå UVPL	Frå UVPL		
Planbehov for regionale planar		0						
Planbehov andre planar		0	Frå UVPL el. rutine					
Delmål til hovudmål			0	Frå RP eller her	Frå RP / TP	Frå RP / TP	Frå RP / TP	Tert.rapp/Årsmel.
(Delmåls-)strategiar			0	Frå RP eller her	Frå RP / TP	Frå RP / TP	Frå RP / TP	
Føresegn og retningslinjer for areal			V					
Handlingsprogram: tiltak og ressursbehov			0	0			Frå UVPL/RP/TP	
Oppgåver i avdeling						0	Frå OB	
Ressursar til gjennomføring							0	

0= obligatorisk

V= valfri

Tabell 1: Målhieraki og målstruktur for planar i Vestland fylkeskommune.

Vurderingspunkt ved planutvikling

Behov for planar i planperioden skal avklarast i samband med vedtak i utviklingsplanen. Fylkeskommunen vil arbeide med rutinar og verktøy for å handtere behov som oppstår eller vert arbeid vidare med i mellomperiodane, for å sikre heilskap i planlegginga. Følgande vurderingar vil inngå:

- Ved vurdering av nye planbehov, revisjon eller vidareføring, skal alltid type plannivå etter funksjonsinnhald vurderast.
- Ved nytutvikling eller revisjonar av alle plantypar og rullering av handlingsprogram skal felles målstruktur nyttast.
- Ved utvikling av planprogram for regionale planar skal det vurderast kva planar som vert erstatta og om det er hensiktsmessig å innarbeide temaplanar og strategiar.
- Når utvikling av nye planar eller revisjonar av planar skjer samstundes,

skal det peikast ut ansvarlege organ for samordning. Dette for å hente ut synergjar, avklare tema og vurdere motstridande interesser.



Bilde 20: Kulturinnslag under det konstituerande fylkestingmøte oktober 2023. Foto: Morten Wanvik/Vestland fk.

Ved oppstart av arbeidet med temaplanar og strategiar skal det leggest fram politisk sak som avklarar behov, rammer og medverknad og forholdet til andre planar.

Planroller, planoppgåver og ansvar i politiske organ

Fylkestinget er regional planmynde etter plan- og bygningslova. Regional planmynde har ansvaret for og leiinga av arbeidet med regional planstrategi, regionale planar og handlingsprogram og regional planføresegn. Fylkestinget har mynde til å vedta planstrategi og regional plan med handlingsprogram, eit ansvar som ikkje kan overførast eller delegerast til annet organ.

Reglement for folkevalde organ og delegering vert oppdaterte minst ein gong i kvar valperiode. Gjeldande regelverk er vedteke i fylkestinget i mars 2024. Utdrag frå Reglement for folkevalde organ og delegering. Sjå vedlegg 1.

Fylkeskommunale organ med oppgåver knytt til regional planlegging er:

- Fylkestinget
- Fylkesutvalet
- Hovudutval
 - Hovudutval for opplæring og kompetanse
 - Hovudutval for næring
 - Hovudutval for samferdsel og mobilitet
 - Hovudutval for kultur, idrett og integrering
- Fylkeskommunale medverknadsorgan
 - Fylkeseldrerådet
 - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
 - Vestland ungdomsutval

Framdrift, organisering og medverknad i regionale planprosessar

Rammeverket for prosjektarbeid og interne retningslinjer samt lovkrav ligg til grunn ved utvikling av dei ulike plantypene i Vestland. I planarbeid skal det leggjast til rette for nytte ny teknologi og elektronisk kommunikasjon som styrkar medverknaden. Fylkeskommunen tek frå 2024 i bruk digitale høyringar med kunstig intelligens som hjelpemiddel. Under er vist nokre felles rammer for prosessar med regionale planar og temaplanar.

Framdrift og organisering

I Vestland vert større planarbeid gjennomført som prosjekt. Fylkeskommunen nyttar verktøyet *Prosjektportalen*, basert på *Prosjektveivisaren* - den anbefala prosjektmodellen i offentleg sektor.

Organisering og framdrift vert tilpassa behovet i kvart planarbeid. Løysingane skal balansere behovet for samarbeid og medverknad mot mål om effektiv prosess og oppfølging. Prosjektarbeid er dela i fem fasar; konsept, planlegge, gjennomføre, avslutte og realisere.

Fylkeskommunen er i startgropa med prosjektverktøyet og vil bruke planarbeida i perioden til å optimalisere bruken av verktøyet til planarbeid. Verktøyet skal bidra til styring, kvalitetssikring og auka medvit om gevinstar ved planarbeid.

Regionale planarbeid i Vestland er i praksis delt i fem delfasar:

1. Utarbeiding og høyring av planprogram
2. Utarbeiding av planforslag
3. Høyring og offentleg ettersyn
4. Arbeide med planforslaget fram til vedtak i fylkestinget
5. Oppfølgingsfase

For arbeid med temaplanar og strategiar skal det utarbeidast ein tilpassa prosjektstruktur. Større planarbeid med brei involvering bør ligge tett opp til hovudstrukturen for regional plan, med tilpassa innhald. Det er ønskeleg å følge desse prinsippa:

- Klår organisering med mandat som skal utformast i oppstart/planprogram.
- Enkel organisering og bruk av eksisterande organ dersom mogeleg.
- Brei involvering i oppstart for å avklare behovet for medverknad og samarbeid.
- Tydeleg ansvar for samordning i oppfølging av plan

Prosjektstruktur og framdriftsplan for planarbeid vert fastsett i oppstartsak og eventuelt detaljert i planprogram. Struktur og framdrift for oppfølging skal inngå i vedtak av plan.

Utarbeiding av planar skal normalt skje innanfor ei fylkestingsperiode. For regionale planar skal utarbeiding av planprogram og plan normalt skje innan 2 år. Oppfølging skal vere avslutta innanfor planen si levetid. For temaplanar skal oppstart og utarbeiding av plan normalt skje i løpet av 1 ½ år.

Arbeid med revisjon av regional plan kan organiserast enklare enn for førstegenerasjonsplan, avhengig av endringsgrad og innanfor plan og bygningslova sine krav.

Samskaping, medverknad og dialog

Det er ein føresetnad at planarbeid vert ein arena også for samordning. Regionale planar skal utarbeidast i samarbeid med statlege organ, organisasjonar og kommunar, når planarbeidet rårer interessene deira. Vestland fylkeskommune vil fortsetje arbeidet med å bidra til å utvikle og ta bruk

nye metodar og verktøy for samskaping for å senke terskelen for å delta. Samskaping er samarbeid mellom offentleg sektor og private aktørar på arenaer der partane har likeverdige rollar. Det kan til dømes vere framsynsverkstader.

Det kviler eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging for å delta, slik som barn og unge og andre grupper og interesser som ikkje er i stand til å direkte, skal sikrast gode moglegheiter for medverknad på annan måte (pbl. § 5-1).

For regionale planar skal planprogrammet fastsette rammer for samarbeid og medverknad. Aktuelle interessentar, råka grupper og samarbeidspartar skal involverast i arbeidet med planprogrammet for å styrke planarbeidet. Hovudverktøy for medverknad er regionalt planforum, høyring og offentleg ettersyn etter plan- og bygningslova. Internt i fylkeskommunen er medverknadsråda ein viktig arena.

Temaplanar og strategiar vil ha ulikt behov for samarbeid og medverknad og dette må bli drøfta og presentert i oppstartsaka.



Bilde 21: Lisa Horpen (22) drog fram skule og kraftproduksjon som utfordringar som må takast omsyn til på dialogmøtet i Førde januar 2024. Foto: Ingvild Ramstad/Vestland fylkeskommune.



Kapittel 6

Vedlegg

Tabellar

Tabell 1: Gjeldande planar i Vestland per mai 2024

Tabell 2: Oversikt over regionale planar i planperioden 2024-2028

Tabell 3: Oversikt over temaplanar og strategiar per mai 2024

Andre vedlegg

Vedlegg 1: Reglement for folkevalde organ og delegering. Utdrag

Oversikt over regionale planar, temaplanar og strategiar i Vestland

Tabell 2: Regionale planar i Vestland per mai 2024:

Plan	Område	Vedtatt	Periode	Merknad
Kultur bygger samfunn. Regional plan for kultur	Vestland	2023	2023 - 2035	
Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling	Vestland	2021	2022 - 2033	
Regional plan for vassforvalting Vestland	Vestland	2022	2022 - 2027	
Regional plan for fornybar energi	Vestland	2023	2023 - 2035	
Regional plan for klima	Vestland	2022	2022 - 2035	
Regional transportplan for Vestland fylke	Vestland	2021	2022 - 2033	
Regional areal- og transportplan for Haugalandet	Hordaland/ Rogaland	2016		Sveio og Etne er omfatta av planen
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet	Hordaland	2017	2017 - 2028	
Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur	S&FJ	2018	2018 - 2022	
Regional plan for attraktive senter i Hordaland	Hordaland	2014	2015 - 2026	
Regional plan for folkehelse	S&FJ	2015	2014 - 2025	
Regional plan for folkehelse - fleire gode levekår for alle	Hordaland	2014	2014 - 2025	
Regional plan for areal	S&FJ	2000	2000 -	
Regional strategisk plan for kysten	S&FJ	2018	2018 - 2029	
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	Hordaland	2017	2017 -	
Regional plan for Ottadalsområdet	S&FJ	2016	2016 - 2026	Felles med Innlandet og Møre og Romsdal
Regional plan for Hardangervidda	Hordaland	2011		Felles med Buskerud og Telemark
Regional plan for Nordfjella	S&FJ, Hordaland	2014	2014 - 2015	Felles med Buskerud.
Regional plan for Setesdal, Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen)	Hordaland	2012		Felles med Agder, Telemark og Rogaland

Tabell 3: Oversikt over nye planar og revisjonar, planar som kan vidareførast, planar som kan vurderast erstatta i ny plan for planperioden 2024-2028:

Regional plan	Ny/ Revisjon	Vidareføre	Fase ut	Merknad
Strategisk plan for kysten (S&Fj) 2018-2029			X	Sjå kap. 4 plandokument
Regional plan for areal og mobilitet	X			Sjå kap. 4 plandokument
Regional plan for verdiskaping og kompetanse	X			Sjå kap. 4 plandokument
Regional plan for Vestnorsk fjordlandskap	X			Sjå kap. 4 plandokument

Regionale planar som vert heilt eller delvis erstatta:

Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2022-2033		X		Sjå kap. 4 plandokument
Regional transportplan for Vestland fylke 2022-2033		X		Sjå kap. 4 plandokument
Fylkesdelplan for arealbruk S&FJ		X		Sjå kap. 4 plandokument
Regional plan for attraktive senter i Hordaland med handelsføresegner 2015-2026		X		Sjå kap. 4 plandokument
Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur i Sogn og Fjordane med handelsføresegner 2018-2022		X		Sjå kap. 4 plandokument
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger 2017		X		Sjå kap. 4 plandokument
Regional plan for klima 2022-2035		X		Sjå kap. 4 plandokument
Regional plan for fornybar energi 2023-2035		X		Sjå kap. 4 plandokument
Regional plan for areal- og transport på Haugalandet 2016 -		X		Sjå kap.4 plandokument

Regionale planar som kan vurderast erstatta eller fortsetje som regional plan:

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017-2018		X		Sjå kap. 4 plandokument
---	--	---	--	-------------------------

Planar som vert vidareførte denne planperioden:

Regionale planar for folkehelse Hordaland og S&Fj. 2014/15-2025		X	Dei to regionale folkehelseplanane vert vidareførte for planperioden, men med nytt handlingsprogram for folkehelse og integrering.
Regional plan for kultur 2023-2035		X	
Regional vassforvaltingsplan for Vestland 2022-2027	Revisjon		Planlagt revisjon 2025-2027.
Regional plan for Nordfjella 2014-2025		X	Interregional plan i samarbeid med andre fylke.
Regional plan for Hardangervidda 2011-2035		X	Interregional plan i samarbeid med andre fylke.
Regional plan for Setesdal, Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei 2012 -		X	Interregional plan i samarbeid med andre fylke.
Regional plan for Ottadalsområdet 2016-2026		X	Interregional plan i samarbeid med andre fylke.

Tabell 4: Temaplanar og strategiar per mai 2024:

Temaplanar og strategiar	Ny	Revisjon	Vidareføring	Fase ut	Merknad
Temaplanar					
Temaplan for forskning i Vestland		X			Avdeling for Næring, plan og innovasjon. Under revisjon.
Temaplan for opplæringssektoren «Fornye og forbedre – Auka gjennomføring»		X			Avdeling for opplæring og kompetanse. UP 2020-2024. Under arbeid.
Heilskapleg plan for tilbudsstruktur i Vestland fylkeskommune	X				Avdeling for opplæring og kompetanse. På høyring. Vedtak hausten 2024, deretter rulling kvart fjerde år.
Strategisk plan for Vestland tannhelseteneste 2024-2036			X		Avdeling for IKT og digitalisering. tannhelse. UP 2020-2024. Pågåande revisjon med vedtak i oktober 2024.
Temaplan for landbruk 2023-2027			X		Avdeling for Næring, plan og innovasjon.
Temaplan breiband og digitalisering			X		Avdeling for Næring, plan og innovasjon. Vedteken 2023
Temaplan for reiseliv i Vestland 2023-2025		X			Avdeling for Næring, plan og innovasjon.

Temaplan. Bevaringsplan for privatarkiv i Vestland	X			Avdeling for Kultur og folkehelse. Forankra i regional plan for kultur 2023. Underarbeid – vedtak i 2024.
Temaplan museum i Vestland	X			Avdeling for kultur og folkehelse. Forankra i regional plan for kultur 2023. Oppstart i 2025.
Regional politikk for utvikling av anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv		X		Avdeling for kultur og folkehelse. Revisjon 2025.

Strategiar

Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024		X		Avdeling for Næring, plan og innovasjon. Internasjonal strategi er under evaluering og vurdering av behov for revisjon eller ny strategi. Klar til vedtak av UPVL i des. 2024.
Regional plaststrategi. Ein plastfri natur og eit plastfritt Vestland		X		Avdeling for Næring, plan og innovasjon.
Strategi for ladeinfrastruktur av tunge køyretøy			X	Avdeling for Næring, plan og innovasjon.
Frivilligheitsstrategi for Vestland (2021-2022)		X		Avdeling for Kultur og folkehelse.
Strategi for e-sport og gaming		X		Avdeling for Kultur og folkehelse.
Strategi for mjuke trafikkantar 2022-2033			X	Avdeling for infrastruktur og veg. Forankra Regional transportplan.
Strategi for innfartsparkering – strategisk styringsdokument for innfartsparkering 2022-2029			X	Avdeling for Mobilitet og kollektivtransport. Vedteken av SAMO og styringsgruppa for miljøløftet.
Strategi for berekraftig mobilitet i Vestland 2022-2033			X	Avdeling for Mobilitet og kollektivtransport.
Handlingsprogram for trafikktryggleik i Vestland			X	Avdeling for infrastruktur og veg. Utarbeidinga av planen er ein del av Trafikktryggingsutvalet si oppgåve, ref. Reglement for folkevalde organ og delegering: «Trafikktryggingsutvalet har ansvar for utarbeiding av eit handlingsprogram for Vestland».
Drift- og vedlikehaldsstrategi for fylkesvegnettet			X	Avdeling for infrastruktur og veg. Oppfølging av utviklingstiltak i RTP. Legg føringar for prioriteringar og satsingar innanfor drift og vedlikehald av fylkesvegnettet.

Rammeplan. Haldningsklassar for avkøyrslar og disposisjonar frå byggegrense			X		Avdeling for Infrastruktur og veg. Rammeplanen gjeld fylkesvegnettet i Vestland fylke, og er ei rettleiing av sakshandsaming av avkøyrslar – og byggegrensesaker, samt ved uttaler til kommune- og reguleringsplanar.
Nye strategiar					
Bibliotekstrategi	X				Avdeling for Kultur og folkehelse Oppstart 2025.
Festivalstrategi	X				Avdeling for Kultur og folkehelse 2024.
Strategi for folkemusikk	X				Avdeling for Kultur og folkehelse Oppstart 2025.
Strategi for kulturarena	X				Avdeling for Kultur og folkehelse Oppstart 2025.
Strategi for den kulturelle skulesekken	X				Avdeling for Kultur og folkehelse Oppstart 2025.
Strategi for kulturell og kreativ næring	X				Avdeling for Kultur og folkehelse Oppstart 2025.
Strategi for det profesjonelle kunstfeltet	X				Avdeling for Kultur og folkehelse Oppstart 2025.
Strategi for aktivitet og for inkludering, mangfald for deltaking i kultur	X				Avdeling for Kultur og folkehelse Oppstart ikkje sett,
Strategi for bevaring, utvikling og utvikling av verdsarv	X				Avdeling for Kultur og folkehelse Oppstart ikkje sett.
Strategi for fartøyvern og mobile kulturminne	X				Avdeling for Kultur og folkehelse Oppstart ikkje sett.
Berekraftstrategi for INV	X				Avdeling for infrastruktur og veg. (verksemdstrategi), oppstart våren 2024